



ØYGARDEN 2020

Magasin for tilsette i kommunane Sund, Fjell og Øygarden



Dette klarer vi saman!

Det er om lag 75 dagar igjen til den nye kommunen er eit faktum. Mykje skal på plass til første januar, skriv prosjektrådmann Rune Lid.



Lunsjpraten

Dei tilsette på servicekontoret i Sund er opptekne av at dei skal få laga gode effektive tenester for innbyggjarane i den nye kommunen.



Innhald

- Helsing frå prosjektrådmann Rune Lid
- Øygarden brann- og redning IKS
- Lunsjprat med servicekontoret i Sund
- Nytt frå fellesnemnda
- Kommunal Landspensjonskasse (KLP) vert leverandør av pensjonstenester
- Vedtok prinsipp for lokalisering
- Kva skjer fram mot 30. oktober?
- Status frå kommunalsjefane
- Stor folkefest i januar
- Status ØyVAR
- Oppretting av Øygarden bustadutvikling KF
- Seks tilsette om kva som er viktigast når vi har fått ein ny kommune



Landnotkast i Kjereide, Sund



Copyright 2019 - Øygarden 2020

Trykk: Molvik Grafisk AS

Opplag: 3.550

Redaksjon: Vagleik Brekke (red.),

Kaja Pedersen, Jarle Kåre Oen,

Trude Erstad Villanger, Hildegunn

Høyland, Monica Hovland og Line

Markhus

Grafisk utforming: Monica Hovland

Foto: Jøran Ingvaldsen, Vagleik

Brekke, Kjell Andersland, Silvia

Haugland og Monica Hovland.

Dette klarer vi saman!

Det er om lag 75 dagar igjen til den nye kommunen er eit faktum. Mykje skal på plass til første januar. Eg veit at det vert ei krevjande tid for oss alle fram mot nyttår. Den første tida i den nye kommunen vil også krevja mykje av oss.



Etter ferien har det først og fremst handla om oppfølging av pensjonsløyising for dei tilsette, budsjettarbeid og lokalisering av administrasjon og tenester. Fellesnemnda gjorde vedtak om pensjonsløyising den 9. oktober. For tida arbeider einingsleiarane for den nye kommunen mykje med å leggja grunnlaget for eit budsjett for 2020.

Intensjonsavtalen, som er vedteken av dei tre kommunestyra, understrekar at brukarretta tenester skal lokalisrast så nær brukarane som mogleg. Tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, kan leggjast til kommunesenteret på Straume eller

kommunedelsentera i Skogsskiftet og på Rong.

Arbeidet med lokaliseringa vert gjennomført i god dialog med dei tillitsvalde. Dei tillitsvalde har vore representerte i dei fem hovudprosjekta som i slutten av september leverte framlegga sine til lokalisering. No har partssamansett utval, som er samansett av politikarar og tillitsvalde, og fellesnemnda gjort sine vedtak om lokalisering. På grunnlag av dette skal den administrative leiinga innan 30. oktober konkludera med lokaliseringa av administrasjon og tenester.

Kva vil vi med dette bladet?

Med bladet Øygarden 2020 ønskjer prosjektleiinga for Nye Øygarden å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vert gjort i samarbeid med representantar frå organisasjonane til dei tilsette. I dette bladet prioriterer vi informasjon som er relevant for dei tilsette i Sund, Fjell og Øygarden.

Oppdatert informasjon vil du finna på: nyeoygardenkommune.no og Facebook-sida vår.



Hjort på Knappskog, Fjell



Avdelingsingeniør Ove Geir Stusdal gir gode råd til seniorar om brannførebygging.

Store grupper av tilsette, som til dømes i skule, barnehage og omsorg, vil få same arbeidsstad som i dag. Likevel vil ein del tilsette oppleva endring og arbeida ein annan stad i den nye kommunen enn tilfellet er i dag. Eg håpar at vi i samarbeid med dei tillitsvalde kan få gjennomført omlegginga på best mogleg måte for innbyggjarane våre og for deg som tilsett i den nye kommunen.

I dei tre kommunane er det, ikkje minst det siste året, teke gode grep for å få kontroll på økonomien. Medarbeidarane har i lang tid lagt ned eit enormt arbeid for å byggja Nye Øygarden kommune. Eg set umåteleg stor pris på den arbeidsinnsatsen som vert lagt ned og vil takka kvar og ein som har bidrege. Vi legg stor vinn på å gjera det vi kan for at du skal oppleva å få ein meningsfull og inspirerende jobb i Nye Øygarden kommune.

*Rune Lid
rådmann Nye Øygarden kommune*

Omdannar Øygarden brann- og redning IKS til kommunalt føretak KF

Øygarden brann- og redning (ØBR) er organisert som eit interkommunalt selskap (IKS) der dei tre kommunane er eigarar. Fellesnemnda bestemte i juni 2018 at ØBR skulle organiserast som eit kommunalt føretak (KF) frå 1. januar i 2020. Eigne reglar i kommunelova regulerer organisering av driftsmodellen kommunalt føretak. Det skal vera eit eige styre med dagleg leiar. Likevel er eit kommunalt føretak omfatta av køyrereglane i forvaltningslova og offentlegheitslova. Styret i føretaket rapporterer direkte til kommunestyret.

Våren 2019 har det vore arbeid aktivt med førebuingane til denne omdanninga. Leiinga i ØBR har vore tett på prosessen. Dei tre kommunestyra måtte gjera vedtak om opphøyr av IKS-selskapsforma. Departementet har seinare godkjent oppløysinga og at den planlagde og omdanninga til eit føretak vert gjennomført.

Dette er ei verksemdsoverdraging der alle tilsette i det utgåande interkommunale selskapet vert overførte til det kommunale føretaket.

Fellesnemnda har fatta vedtak om samarbeidsavtale, vedtekter m.m. for nye Øygarden brann- og redning KF. Eit avviklingstyre i ØBR IKS vil i haust syta for å fullføra jobben med avviklinga. Nye Øygarden kommunestyre vel nytt styre for det kommunale føretaket (fem medlemmer). Om alt går etter skjema, vil Øygarden brann- og redning KF vera oppe og går frå 1. januar 2020.

Lunsjpraten: - Vi kjenner på uvisse, men gler oss til å koma i gang

Dei tilsette på servicekontoret i Sund er opptekne av at dei skal få laga gode effektive tenester for innbyggjarane i den nye kommunen. Dei kjenner på ei viss uro når det gjeld den nye organiseringa, men samstundes ser dei fram til å jobba for den nye kommunen.



Frå venstre; Vivian Vedå, Eva Marit Telle Hamre, Toril Sangolt Jacobsen, Irene Kristin Melkevik, Paula Betty Mæland, Hildegunn Høyland, Inga Telle, Elisabeth Wang Butz og Kjerstin Risnes.

- Eg håpar den nye kommunen skal bli ein god plass å arbeida i og at innbyggjarane vil oppleva at det blir ein god plass å ta kontakt, seier Eva Marit Hamre.

I lunsjpraten er dei tilsette opne om forventningar og bekymringar for å nå målet om gode tenester i Nye Øygarden kommune.

- Vi er så heldige at vi har fått vera med å medverka i arbeidet med å byggja den nye kommunen, seier Inga Telle. Ho opplever at det har vore positivt å møte mange gode kjekke folk i samarbeidet i prosjekta. Målet med samanslåinga er at tenestene skal bli betre og fagmiljøa større.

Ny organisering

Servicekontoret i Sund vert ved samanslåinga delt i to einingar; service og drift. Dei tilsette som er plasserte i drift, skal jobba innanfor dokumentsenter/sentralarkiv.

- Vi forventar eit større fagmiljø enn vi har i dag. På servicekontoret i Sund arbeider alle med alt, og gjer ulike typar oppgåver. Vi ser fram til meir spesialiserte oppgåver og at vi får jobba med det fagfeltet vi har teke utdanning i, seier Inga.

Deltakarane på lunsjen seier at dei er opptekne av den heilskaplege oppbygginga av dokumentsenteret. Dei hadde sterke forhåpningar til at dei viktigaste momenta i rapporten frå prosjektgruppa vart tekne omsyn til når dei skulle dimensjonera drifta. Sett ut i frå saksystema, erfaring og krav til kompetansebehov meiner dei at det ikkje er teke nok omsyn til dette. For å laga rutinar på dokumentsenteret er det nødvendig at det er folk som har kunnskap som er systemansvarlege. Dette må til for å kvalitetssikra at det vert gode rutinar.

- Med bakgrunn i dette må vi vera ærlege og seia at vi er urolige for korleis den nye avdelinga er dimensjonert. Denne bekymringa har me meldt frå om, og no vel me å gå vidare i prosessen og sjå framover, seier dei.

Elisabeth Wang Butz, som er lærling i servicekontoret i dag, veit ikkje kvar ho skal fullføra læretida si. Ho veit heller ikkje kven som skal følgja henne opp vidare.

- Eg håpar på å få informasjon om overføring til Nye Øygarden kommune og at eg vert trygg på korleis resten av læretida blir følgt opp fram mot fagbrevet, seier ho. Kjerstin Risnes seier at mange tenkjer mykje på kvar dei kjem til å «havna».



Frå venstre; Elisabeth Wang Butz, Paula Betty Mæland, Toril Sangolt Jacobsen, Vivian Vedå, Kjerstin Risnes, Irene Kristin Melkevik.

- Det har stor praktisk betydning for oss, særleg for dei som tek bussen til jobb og for dei som skal levera og henta i barnehage og skule, seier Kjerstin.

Eva Marit som er leiar i servicekontoret, er oppteken av at tilsette vert godt ivaretekne og at spelereglane i lov og avtaleverk vert følgde gjennom heile prosessen.

Kva skal vi jobba med?

Nokre kjenner på uvisse når det gjeld innplasseringa. Dei viser til at det er ei gjensidig oppfatning av at nokre i dei andre kommunane veit meir enn andre om lokalisering og korleis tenestene skal vera organiserte.

- Vi veit for lite om kva oppgåver som vert lagt til einingane. Akkurat no kjenner vi på at det er viktig å få rett informasjon frå rett kanal. Særleg dei som er plasserte på service, treng få vita kva fagfelt dei skal jobba under. Er det innbyggjartorg, politisk service, forvaltning, informasjon eller tilsettservice? Dersom vi får svar på dette, kan vi førebu oss på fagområda vi skal jobba innanfor. Vi gler oss til å koma i gang i den nye kommunen. No er det viktig at vi brukar tida som er att til å førebu oss og ha god energi i arbeidet, seier dei.

Til stades i lunsjpraten var Inga Telle, Irene Kristin Melkevik, Paula Betty Mæland, Vivian Vedå, Toril Sangolt Jacobsen, Kjerstin Risnes, lærling Elisabeth Wang Butz og einingsleiar Eva Marit Hamre. Beate Moldøen var ikkje til stades.

Hildegunn Høyland og Trude Erstad Villanger

Viktig dato

Innan 30. oktober skal rådmann Rune Lid avgjera lokalisering av administrasjon og tenester.

Nye stillingar

Nye Øygarden kommune har i september lyst ut tre leiarstillingar. Fristen for å søkja stillingane gjekk ut 6. oktober.

- Einingsleiar pedagogisk-psykologisk teneste(PPT)
- Leiar stabsavdeling Service
- Einingsleiar byggesak, tilsyn og miljø

Nytt frå fellesnemnda

17. juni

FjellVAR AS (og rettsetterfølgjaren ØYVAR) skal vera renovasjonsleverandør frå 2020. I saksutgreiinga går det fram at dersom FjellVAR/ØYVAR skal ha renovasjon-soppdraget, bør konkurranseutsetjing av kontraktane til FjellVAR starta seinast hausten 2019.

16. september

Gründerparken Vest får 1,5 millionar kroner i tilskot til Gründerparken Vest for 2020. Formelt vart det vedteke å innarbeida beløpet i budsjettet for neste år. Dei tre kommunestyra løyvde i 2018 kvar 500 tusen kroner til vidareføring av Gründerparken Vest for 2019 (totalt 1,5 millionar kroner). Storleiken på det kommunale tilskotet vert dermed på same nivå i 2020 som dette året.

Det vert sett av 1,5 millionar kroner til opningsarrangement for innbyggjarane i Nye Øygarden kommune. Ein programkomité leia av leiar av fellesnemnda, Marianne Sandahl Bjørøy, har planlagt fleire arrangement i opningsveka for den nye kommunen.

Økonomisk status pr. 31. juli vart teken til orientering. Resultat etter dei sju første månadene viser eit negativt driftsresultat på 26,2 millionar kroner. Det auka avviket skuldast meirutgifter knytt til løn og kjøp av varer og tenester.

Fellesnemnda slutta seg til revidert tidsplan for anbudsprosess på forsikra pensjonsløyving for Nye Øygarden kommune. Den 9. oktober var det ekstramøte i fellesnemnda for å velja leverandør for forsikra pensjonsløyving, sjå eiga sak om dette.

Hordaland fylkeskommune får oppdraget med sekretariatstenester for kontrollutvalet.

Fellesnemnda vert sendt direkte på nett-TV. På nettsida finn du også opptak frå desse møta.

nyeoygarden.kommunetv.no

Kommunal Landspensjons- kasse (KLP) vert leverandør av pensjonstenester

Fellesnemnda vedtok 9. oktober at KLP skal vera leverandør av forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune med verknad frå 1. januar 2020. Vedtaket vart gjort med 12 mot fem røyster. Mindretalet var samansett av Høgre (2), Frp (2) og Sotralista (1).



Kva skjer fram mot 30. oktober?

- **14. oktober:** Drøftingsmøte om lokaliseringsarbeidet i overordna styringsgruppa utvida med 12 hovudtillitsvalde.
- **16. oktober:** Arbeidsseminar om lokalisering for leiarteamet Nye Øygarden kommune med prosessleiar frå KS (fellesorganisasjon for kommunane).
- **25. oktober:** Drøftingsmøte om lokaliseringsarbeidet i overordna styringsgruppe utvida med 12 hovudtillitsvalde.
- **30. oktober:** Prosjekt-rådmannen legg fram sitt vedtak om lokalisering av administrasjon og tenester i Nye Øygarden kommune.

Magasin 3 | Oktober 2019

Fellesnemnda 9. oktober: Vedtøk prinsipp for lokalisering

I sist veke slutta fellesnemnda seg samrøystes til prinsippa for lokalisering av administrasjon og tenester.



Frå venstre; Ingrid Marie Toft, Espen Harketstad, Silvia Haugland og Børge Haugetun.

Til liks med partssamansett utval den 7. oktober understreka fleire politikarar kor viktig det er at intensjonsavtalen skal liggja til grunn for lokaliseringa av tenestene. Fire medlemmer (sjå bilete) i fellesnemnda frå Øygarden fremja eit tilleggspunkt til innstillinga som fekk samrøystes tilslutnad. Der heiter det at «*intensjonsavtalen er fundamentet for lokalisering av tenester i Øygarden kommune. Straume er kommunesenter med tilhøyrande oppgåver. Rong og Skogsskiftet skal som delsenter ha definerte tenestefunksjonar. Nærteneesteprinsippet er eit viktig prinsipp og skal i all hovudsak følgjast. Soneinndelinga bør leggjast til kommunesenter og dei definerte delsentera i intensjonsavtalen*».

Her er utdrag frå vedtaket i fellesnemnda den 9. oktober:

- Innbyggjartorga skal lokaliserast saman med bibliotektenesta i eigna lokale på Rong, Skogsskiftet og Straume.
- Eigde bygningsmassar skal takast i bruk i Nye Øygarden kommune.
- Funksjonar og tenester som naturleg ligg til rolla som kommunesenter, skal plasserast på Straume. Det same gjeld politisk og administrativ leiging.
- Som hovudprinsipp skal tenester som er organiserte, drifta og tilbydd brukarane i soner i den nye kommunen, nytta kommunedelsentera i Skogsskiftet (sone sør) og Rong (sone nord) som base/administrasjonssenter. Det er lagt til grunn at Straume vert eigen sone.

Innspel frå dei tillitsvalde, presentert i partssamansett utval den 7. oktober, følgjer saka. Innspela handlar om frikjøp, kontorlandskap, vaksenopplæringa for flyktningtenesta og helsestasjon for flyktningar. Dei tillitsvalde meiner mellom anna at heimetenesta nord må leggjast til Rong for å ivareta intensjonsavtalen. Rune Lid stadfesta på møtet i fellesnemnda at han vil ta intensjonsavtalen og nærteneesteprinsippet på største alvor når han skal konkludera om lokalisering.

På grunnlag av behandlinga i partssamansett utval, vedtaket i fellesnemnda og det administrative førebuingarbeidet, skal prosjektrådmannen innan 30. oktober ta endeleg stilling til lokalisering. Konklusjonen må også forankrast i intensjonsavtalen, omstillingsavtalen og ROS-analyse (ROS: Risiko og sårbarheit).

Økonomi har hatt og har ein del arbeid i tillegg til oppgåver knytt til hovudprosjektet. Døme på dette er:

- Anbud knytt til val av pensjonsleverandør
- Gebyr og brukarbetaling
- Utarbeiding av økonomiske statusrapportar for Nye Øygarden kommune
- Utarbeiding av økonomiplan 2020-2023/ budsjett 2020

Vedtak om lokalisering skal vera klar innan 30. oktober 2019. Hovudprosjekt Økonomi har gjennom fleire møtearbeidd med framlegget sitt.

Prosjektrådmannen gjer endeleg vedtak etter at alle kommunalsjefområda har kome med tilbagemeldingane sine.

I haust vil arbeidet med økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020 vera ein viktig, men arbeidskrevjande prosess. Tre kommunar skal slåast saman til éin. Det gjeld også i budsjettet. Det er viktig at vi har godt nok oversyn over alle utgifter og inntekter i alle einingane i den nye kommunen. Løn utgjer om lag 70 prosent av utgiftene i ein kommune. Det betyr at vi må ha stålkontroll på årsverk og lønsutgifter. Difor har vi prioritert at Økonomi har møte med kvar einskild einingsleiar. Det som vert lagt inn av årsverk i budsjettet, skal stemma med dei innplasseringane og tilsetjingar som er gjort før sommaren. Det er den einskilde einingsleiar som

har ansvaret for budsjettet sitt, men Økonomi skal hjelpe og støtta.

Ut frå prognosar gjennom året, veit vi at den økonomiske situasjonen vil verta krevjande, men handterleg. Det er nødvendig at vi har evne til omstilling og nytenking slik at gode velferdstenester til innbyggjarane vert oppretthaldne og vidareutvikla.

Av komande oppgåver har fellesnemnda avgjort at nytt økonomireglement og finansreglement skal vera utarbeidd innan 31. mars 2020. Døme på innhald i eit økonomireglement er økonomiske handlingsreglar, budsjettprosess, rapporteringsrutinar, delegering av fullmakter innan økonomiområdet med meir. Ideelt sett skulle dette vore klart før budsjettprosess for 2020 starta. No kjem det

litt seinare. Det er likevel inga krise.

Ei anna sak som Økonomi handterer, er avtalar knytt til Nye Øygarden kommune. Det er sendt ut brev til leverandørar som kommunane Fjell, Sund og Øygarden har avtale med. Det kan vera behov for å slå saman avtaler, revidera andre avtaler, eller vidareføre avtalen utan endringar i den nye kommunen. Det kan og vera avtalar som skal seiast opp. Det må altså gjerast ei vurdering av alle avtaler som dagens tre kommunar har, både med eksterne aktørar eller interkommunale samarbeid.

Alle desse oppgåvene vert handterte på ein god måte fordi vi har mange dedikerte og ansvarlege tilsette som gjer ein stor innsats. Utan dykk hadde ikkje dette latt seg gjera!



Nå er det ikkje mange månader att til kommunesamanslåinga. Det vert arbeid på alle nivå i organisasjonen tidleg og seint for å koma i mål med denne store oppgåva. Det er med stor respekt og audmjukheit vi arbeider med å finna gode og smarte løysingar som skal fornya, forenkla og betra tenestene til innbyggjarane i Nye Øygarden kommune.

- We can not solve our problems with the same THINKING WE USED when we created them, seier Albert Einstein. Vi finn ikkje dei beste løysingane dersom vi ikkje utfordrar oss sjølve og kvarandre til å tenkja nytt om korleis vi samhandlar og løyser samfunnsoppdraget.

Kommunesamanslåinga rokkar ved dei etablerte strukturane og vår oppfatning av eiga identitet, korleis vi gjer det her hos oss. Vi er ved eit vegskilje, og det nye kommunalsjefområdet Organisasjon og digitalisering er eit synleg bevis på dette gjennom etableringa av to nye einingar Utvikling og Tryggleik. Kommunesamanslåinga krev noko av oss alle, endring i arbeidsmetodikk, nye arbeidsverktøy og større og tettare samhandling på tvers av avdelingar og kompetanseområde. Vi må både forstå ny teknologi og tileigna oss eigenskapar som kritisk tenking, kommunikasjon og tverrfaglegheit for å handtera og levera i samsvar med forventningar.

Men mest av alt krev det MOT til å våga, forsøka noko nytt, byggja ny



kompetanse og til å dela med andre. Det krev TILLIT til at vi gjer dette for å byggja tettare og betre relasjonar til innbyggjarane våre og forbeta tenestene våre. Det krev NYSGJERRIGHET til å utfordra etablerte sanningar, skapa noko nytt og bli venn med teknologien. Det krev at vi byggjer ein solid grunnmur og eit fleksibelt og bærekraftig hus som er relevant i framtida. Vi er nå med på å skapa historie, ny identitet og vår eiga framtid. Den 19. september hadde Organisasjon og digitalisering samling på Pyttane under «ekstreme vèrtilhøve». Trass i utfordrande «rammer» var det stor entusiasme og pågangsmot i løysing av oppgåvene. Eg er stolt av å vera med på dette laget, og denne øvinga lovar godt for det arbeidet som ligg framfor oss. Skal vi lukkast, er det viktig at vi står saman og er eit lag som er fleksibel og robust, som har pågangsmot og vilje til å lukkast.

Motgang gjev styrke til å takla ny motgang. Hardt arbeid for å nå mål kan av og til opplevast som «motbakkar». Det kan også vera glatte, krokete vegar, der kart og terreng ikkje alltid stemmer overeins. «Vegane» vil ikkje alltid vera ferdig merkte på førehand. Forfattern Paal-Helge Haugen har skrive nokre kloke ord om slike umerka løyper i eit dikt han har kalla «elementær geografi»:

*Eg kjenner ingen beinvegar.
Vegar er krokete, attgrodde
brått islagde, med svake kantar
Dei fleste står ikkje på kartet.*

Med desse orda vil eg ynskje dykk lukke til med arbeidet framover. Vi møter nye utfordringar og bestig nye fjell! Jo brattare bakkar, jo større glede er det å gå til topps og nå målet saman.





Delprosjekt i organisasjon og digitalisering

Vi skal byggja kommunen saman, men på ein anna måte. For å klara dette jobbar dei ulike delprosjekta i Organisasjon og digitalisering målretta med følgjande:

- **Delprosjekt IKT** jobbar med drift og forvaltning av ny IKT-infrastruktur og klientplattform, serverar, samhandlingsverktøy, integrasjon og telefonløysing.
- **Delprosjekt Tryggleik** arbeider med overordna beredskapsplan og nytt kvalitetssystem.
- **Delprosjekt Digsam ØkonomiHrm** arbeider med å konvertera alle data frå Økonomi og Personal i dei tre kommunane over i ein ny felles database i Visma.
- **Delprosjekt Personal** arbeider med å få på plass nye særavtaler, harmonisering av avtarar, felles arbeidstids- og arbeidsgjevarreglement og anskaffing av ei bedriftshelseteneste.
- **Delprosjekt Informasjon og kommunikasjon** har inngått avtale med firma AlfGundersen om utarbeiding av ny grafisk profil og Acos for utarbeiding og oppbygging av ny heimeside.
- **Delprosjekt Innbyggjartorg** er planlagt starta opp etter at lokalisering er avklart.
- **Delprosjekt dokumentsenter/arkiv** arbeider med å byggja Websak som er vald som nytt sak arkivsystem for Nye Øygarden kommune.
- **Delprosjekt Service** har etablert to arbeidsgrupper; eitt for politisk sekretariat og forvaltning og eitt som skal arbeida med innbyggjarservice og intern brukarstøtte for tilsette. Grethe Bergsvik er konstituert leiar for service. Leiarstillinga Service er no lyst ut eksternt og tilsetjing vil skje innan utgangen av 2019.
- **Delprosjekt Utvikling** skal arbeida med kompetanseheving og utvikling av tilsette, og har fått ansvar for å utarbeida ein overordna plan for opplæring av tilsette knytt til alle nye IT-system som skal takast i bruk. I tillegg vert det etablert ei arbeidsgruppe for samskaping og digitalisering.

Bli med på debatt om Nye Øygarden kommune!

Biblioteka i Sund, Fjell og Øygarden inviterer til debatt om korleis vi vil ha det i den nye kommunen.



Torsdag 17. oktober kl. 19.00,
Fjell folkeboksamling, Sartor Storsenter
Tema: Kommunikasjon og samferdsle
Servering og kulturinnslag.

Debatteiar: Per Jon Odén
I panelet: Tom Georg Indrevik (ordfører i Nye Øygarden kommune), Maria Thomassen (kommunestyrerepresentant) og Kristian Amlie (frå teknologi og kommunikasjonsbyrået Bouvet)



Torsdag 24. oktober, Sund folkebibliotek
Tema: Strilekultur

WWW.BIBVEST.NO



Haust ved Fjell rådhus, Fjell

Det er framleis mykje god energi og engasjement i arbeidet innan kommunalsjefsområdet Helse og velferd. Etter sommaren har vi arbeidd med å identifisera og prioritera oppgåver som må vera løyste og som må fungera frå 1. januar. Om lag 70 medarbeidarar fordelte på mange arbeidsgrupper gjer ein solid innsats for at vi skal lukkast med dette. I tillegg er det mange oppgåver som må løysast på tvers av kommunalsjefsområda.

For å sikra at arbeidet vert heilskapleg, vart det den 17. september arrangert ei samling i Skogsskiftet for alle einingsleiarane og andre medarbeidarar med ansvar for ulike arbeidsgrupper.

Etter presentasjonen frå gruppene om status og prioriteringar, var det særskilt nokre område som peika seg ut. Døme på dette er tenester til barn og unge i skjeringspunktet mellom Helse og velferd og Oppvekst. Korleis skal dette organiserast i Nye Øygarden kommune? Korleis skal NAV samhandla med einingar for rus og psykisk helse og flykntingsteneste? Korleis skal institusjonane våre nyttast mest mogleg optimalt i framtida, og kva treng vi av nye tilbod? Dette arbeidet må halda fram utover hausten slik at vi legg til rette for gode strukturar og arenaer for samhandling i åra som kjem.



Det vart ein kjekk og produktiv dag, med mange kompetente og løysingsorienterte medarbeidarar!

Alle fagsystema innan Helse og velferd må vera operative når tre kommunar vert til éin. Det er pasientsystem, turnussystem, NAV og flykntingsystem for å nemna nokre. Arbeidet er krevjande med korte fristar og ambisiøse framdriftsplanar. Men tilbakemeldingar frå arbeidsgruppene er at dei er i rute og at dette skal gå bra!

Og så er det jo tid for budsjett og økonomiplan. Sjølve programmet for budsjettering er dei fleste einingsleiarar kjende med, men det har likevel vore ulike førande prinsipp i dette arbeidet mellom kommunane. For å sikra likskap, vert budsjetteringa gjort i tett samarbeid mellom einingsleiar/kommunalsjef og økonomiavdelinga.

Intensjonsavtalen legg nokre føringar når det gjeld lokalisering av arbeidsplassar i nye Øygarden kommune. Sjukeheimar, skular og barnehagar skal liggja der dei ligg. Heile kommunen skal takast i bruk, og innbyggjarane skal ha nærtener. Dette ligg til grunn når vi no arbeidar med lokalisering av tenestene innan Helse og velferd. Korleis kan vi skapa robuste og gode fagmiljø og samstundes vera tilgjengelege og fleksible i vår tenesteyting?

Arbeidsgrupper leverte innspel og grunngevrne forslag til lokalisering for einingane i den nye kommunen i løpet av september. I tillegg har dei gjeve innspel på kva einingar som bør samlokalisera for å gje størst mogleg verdiskaping for innbyggjarane våre. Vi har store ambisjonar for den nye kommunen!



Det vert arbeidd intensivt på ulike område innan Kultur og samfunn dei siste månadene fram mot samanslåinga. Eg kan gje døme på noko av dette:

I desse dagar vert det signert kontrakt med leverandør av nytt kartsystem til bruk for saksbehandlarane våre og for publikum. Desse systema vert viktige for fleire tilsette, som nyttar kart i ei eller anna form. Det kan gjelda utskrift av nabolister, byggesaker, oppmåling, samfunnsanalyser eller arealplanar, for å nemna eit utval. Det har mellom anna vore sentralt å få kartløyising som kan kopla seg til saks/-arkivsystem for å gjera saksbehandlinga enklare og raskare. Det er også lagt vekt på å få eit kartsystem som innbyggjarar kan orientera seg i. Det vil visa kommunale arealplanar og gje tilgang til byggesaksarkiv. Dette er ledd i måletjinga om nærtenteste og god informasjonsflyt ut til innbyggjarar. For arealplanar er det viktig for kommunen at innbyggjarar får medverka og gje innspel. Vi tek sikte på å ha ei kartløyising som gjer det mogleg både å teikna i kart og skriva merknadar elektronisk.

Matrikkel (eigedomsinformasjon) er ein del av kartsystemet. Matrikkel er faktisk det mest brukte nasjonale registeret i landet. I 2015 hadde matrikkelen 2,1 milliardar oppslag. Til samanlikning hadde folkeregisteret



38 millionar oppslag. Arbeidet med felles matrikkel for Nye Øygarden kommune starta opp allereie hausten 2017. Oppgåvene har mellom anna vore endring av like adressenamn, samordning av gardsnummerserie, feilrettingar, samordning av skulekrinsar, valkrinsar og liknande. Endring av 58 adressenamn har vore på høyring hos berørte innbyggjarar i august og september. Eigdomsavdelingane vil setja opp nye skilt fram mot nyttår.

Det er også ein god del gjere-jobbar på kulturområdet. I desember skal tilskotsordningane for den nye kommunen opp til politisk behandling. 29 ulike tilskotsordningar på kultur- og idrettsfeltet skal bli til 15, med enkle og forstålege retningslinjer. Spelemiddel-prioritering er ei anna viktig oppgåve for kultureininga. Dei tre kommunane har mange søknader som ligg i kø

hos fylkeskommunen. Dette skal no samkøyrast til ei prioriteringsliste som polititarane må ta stilling til.

Biblioteka arbeider med å etablera ei felles web-side for nye Øygarden bibliotek, med like utlånsrutinar. Biblioteka skal samlokaliseras med innbyggartorg. Dette vil bli inngangsdøra til innbyggjarane til informasjon, rettleiing, inspirasjon, dialog, medverknad og arrangement.

Kulturskulen er del av eit nasjonalt nettverk som jobbar med ulike utviklingsprosjekt. I vår kommune er temaet for prosjektet synlegheit og samarbeid. Det handlar om å smelta saman tre kulturskular til ein, etablera felles kultur for utviklingsarbeid og setja felles mål for den nye kulturskulen.



I Oppvekst har det vore opp under 30 ulike arbeidsgrupper i sving. Nokre er ferdige med oppgåvene dei fekk. Andre er nyleg starta. Andre igjen skal starta om litt. I arbeidsgruppene er det mange tilsette frå dei tre kommunane. Det betyr at mange av dykk er med å påverka det som vert startposisjonen i Nye Øygarden kommune. Å samarbeida på tvers av fag er nødvendig for gode tenester. Arbeidsgruppene har vore prega av slikt flott tverrfagleg samarbeid.



Krav og ynske om å levera kvalitet på tenestene til innbyggjarane våre fordrar at vi er meir opptekne av å samarbeida enn av kvar vi er organiserte. Det krev godt samarbeid mellom alle tilsette i alle roller i heile organisasjonen. Saman med den unike kompetansen til innbyggjaren, har vi til saman kompetanse til å skapa gode og berekraftige løysingar. Berekraftige løysingar er løysingar som skapar ein positiv skilnad for innbyggjaren. Dette er ein skilnad som aukar innbyggjaren si kjensle av og motivasjon for å vera trygg «herre i eige hus».

Ein del av det som må harmoniserast i Oppvekst, som elles, er dei digitale systema. Dette området er nok det som er kome lengst også, i alle fall når det gjeld avtalar og kjøp. Dei tekniske løysingane og opplæringar knytt til desse, er både planlagt ulikt og kome ulikt.

Skulane har alt merka nokre utfordringar ettersom ulike program har avtalar med «gamlekommunen», medan vi som har arbeidd med dette sentralt, har tenkt at det vil vera bra å koma seg over i ny kommune (i tide). Vi takkar alle som trass frustrasjonar

handterte dette på løysingsorienterte og venlege måtar. Slike situasjonar veit vi dessverre at det kjem fleire av! Vi legg alle sjølv sagt så gode planar som vi kan klara for å hindra slike vanskar. Men vi trur at det vil dukka opp negative overraskingar. Då er det fint å ha løysingsorienterte folk på alle hus! Samstundes opplever vi at dei som arbeider med desse problemstillingane, både i dei tre kommunane og samarbeidspartnarar utanfor, også står på og set alle klutar til når det dukkar opp slike kjedelege hinder.

Her er oversikt over system det vert arbeidd med i kommunalsjefområdet Oppvekst (september 2019)

Fagsystem	Fag, teneste, eining, avdeling	Må videreførast
Visma barnehage	Barnehage	Vert videreført og fornya i Visma Flyt
AcosIP	PPT	Nytt fagsystem for AcosIP, IOP, Stafettlogg/BTI eit eige prosjekt
IOP	Barnehage, skule, PPT	Nytt fagsystem for AcosIP, IOP, Stafettlogg/BTI eit eige prosjekt
Stafettlogg/BTI	Barnehage, skule, PPT, helse	Nytt fagsystem for AcosIP, IOP, Stafettlogg/BTI eit eige prosjekt
WIS-skole	Skule	Vert videreført
It's Learning	Ungdomsskule	Vert videreført
Acos Barnevern	Barnevern	Vert videreført
HK Oppvekst	PPT administrasjon	Vert videreført
Visma PPI	PPT administrasjon	Vert videreført
Visma Velferd vaksenopplæring	Vaksenopplæringa	Vert videreført
Logos	PPT, skule, spes. ped program	Vert videreført
ADM (Assesment Data Mgr)	PPT, spes. ped program	Vert videreført
Speedadmin	Kulturskulen	Vert videreført
Infodoc Plenario	Helsestasjon, jordmor	Vert videreført

Våren 2020 vil vi i Oppvekst etter planen starta ein prosess for å utarbeida kravspesifikasjon av nytt oppvekstadministrativsystem (OAS). Dette vurderte vi å starta i vår. Men vi valde å utsetja det, mellom anna fordi tilbydarmarknaden er ganske så «støvsugd» i desse kommunesamanslåingstidene. For skule har gode, gamle WIS vore nytta til å løfta oss over i ny samla organisasjon. Men vi gler oss til vi kan få eit felles administrativt system for Oppvekst. Det skal vi koma attende til, for også der treng vi dyktige fagfolk frå alle ulike fag!

I desse dagar er det to hovudoppgåver i hovudprosjektgruppa for Oppvekst: lokalisering og oppgåvesikring.

Når det gjeld lokalisering, er dette planlagt ferdig vedteke (ikkje ferdig flytta kontor!) 30. oktober. Innspela frå Oppvekst er ein del av den heilskapen som rådmannen, saman med innspel frå overordna styringsgruppe, må landa i ei innstilling til kommunestyret.

Oppgåvesikring betyr at det heile tida blir jobba med å identifisera ulike oppgåver som må plasserast inn/avklarast inn i den nye kommunen. Der er det fleire som tar kontakt og spør om ulike oppgåver. Det er nyttig for oss! Det kan vera krevjande at ikkje alle oppgåvene i dei tre kommunane vert med vidare. Dei oppgåvene ein før gjorde, som gjerne framleis er gode og viktige oppgåver, er kanskje ikkje det som vert prioritert å få på plass no ved starten.

No fokuserer vi på å laga vi ein trygg startposisjon frå 1. januar 2020. Så skal vi heldigvis framleis utvikla oss og læra/justera og innovera i tida etter det! Det er jo eigentleg då det verkeleg byrjar!



Øygarden 2020

Stor folkefest den første veka i januar

Overgangen til Nye Øygarden kommune vert markert med ei rekkje arrangement frå nyttår og fram til og med 5. januar. Det vert markering på sjølve nyttårsaftan, nyttårskonsert, personalsamlingar, stor folkefest og felles gudsteneste.

Den store folkefesten vert arrangert i Sotra Arena laurdag 4. januar. Statsminister Erna Solberg deltek på den offisielle opninga om ettermiddagen. Det heile startar med spennande aktivitetar frå føremiddagen, utstillingar, sal av kortreist mat og utdrag frå Glesnesrevyen.

Klokka 17 om laurdagen kan du få med deg det store KORSLAGET. Vi kan allereie no slå fast at mange kor er i full gang med trening med sikte på å nå heilt til topps i konkurransen. Laurdagskvelden vert avslutta med dans med den lokale gruppa Gardsbruk.

Arrangement i opningsveka:

Dato Stad	Arrangement
Nyttårsaftan Skogsskiftet	Fyrverkeri. Formell markering av overgangen til ny kommune
1. januar Hjeltefjorden Arena	Brassband-konsert
2. og 3. januar	Personalfest for tilsette i dei tre kommunane
4. januar Sotra Arena	Den store folkefesten
5. januar Sotra Arena	Felles gudsteneste





Kørelen vassverk, Sund



Blommen på Kolltveit, Fjell

Status for ØyVAR

Fellesnemnda bestemte i juni 2018 at FjellVAR AS og Sund vatn og avlaup (Sund VA) skulle slåast saman (fusjonerast) og få namnet ØyVAR. Aksjelova sine lovreglar ligg til grunn for prosessen og vegen vidare. Arbeidet med dette starta tidleg hausten 2018. Prosjektrådmannen har nytta advokatfirma Harris for å kvalitetssikra dei ulike prosessane omkring fusjonssaka og i vurderinga av kva for renovasjonsløyising som skulle veljast. På nyåret sette fellesnemnda ned eit interimstyre (fem medlemmar) med mandat som skulle ta fusjonsprosessen vidare. Leiar i interimstyret er Ole G. Fredheim (frå FjellVAR sitt styre) og nestleiar Bjørn Ove Børnes (frå styret i Sund VA). Dei tilsette i begge selskapa har ein representant kvar med i interimstyret, og (gamle) Øygarden kommune er representert ved ordføraren. Prosjektrådmannen stilte med sekretærfunksjon.

Våren 2019 vart det også oppretta eit forhandlingsutval som skulle kartleggja og undersøkje renovasjonsløyisingane til BIR og ØyVAR. Her var det politiske representantar frå Fjell og Sund samt prosjektrådmannen som deltok. Advokatfirma Harris utførte sekretærfunksjonen. Arbeidet skulle leggjast med som ein del av grunnlaget for tilrådinga av endeleg løyising i renovasjonssaka.

I juni 2019 vedtok fellesnemnda at ØyVAR skal stå for renovasjonsløyisinga. Interimstyret tilsette Bjarne Ulvestad som dagleg leiar i ØyVAR, og han overtok som sekretær for interimstyret. Det vert no arbeidd vidare med å få laga ei ny gebyrforskrift for den nye storkommunen.

Det er mykje som skal på plass før alt er klart til årsskiftet 2019/2020. Det kan vera at einskilde prosessar vil halda fram noko inn i 2020. Om så skulle skje, er det lite truleg at dette vil kunna føra til negative konsekvensar for innbyggjarane.

Oppretting av kommunalt føretak - Øygarden bustadutvikling KF

Fellesnemnda vedtok i juni 2018 at alle kommunalt eigde bustadar i dei tre kommunane som vert nytta som utleigebustadar til vanskelegstilte, skal organiserast i eit kommunalt føretak (KF). Sund kommune har eit slikt føretak i dag (Sund Eigedomsutvikling KF). Reglane om verksemdsoverdraging gjeld, og alle tilsette er sikra vidare arbeid.

Føretaket, som får namnet Øygarden bustadutvikling KF, skal forvalta denne eigedomsmassen og på oppdrag frå kommunestyret syta for vidare utbygging og oppkjøp der det er behov. Det er bustadkontoret i kommunen som tildeler bustadane som føretaket forvaltar.

Fellesnemnda vedtok i juni 2019 å setja ned eit interimstyre som fekk eit mandat. Interimstyret har fem medlemmer der Kari-Anne Landro (H) ordførar i Sund, er leiar. Egi Haaland (A) frå Fjell er nestleiar. Dei tre andre er også politikarar frå Fjell, Sund og Øygarden. Interimstyret er godt i gang med arbeidet. Arbeidet med å få tilsett dagleg leiar i føretaket har førsteprioritet. To representantar frå dei fagtiltitsvalde er medlem av tilsetjingsutvalet.

Det skal også utarbeidast ein organisasjonsplan og samarbeidsavtale mellom Øygarden bustadutvikling KF og kommunal eining med ansvar for bustadtildeling i Øygarden kommune. Verdifastsetjing og gjeldsoversyn over kommunal eigedoms masse som skal inn i føretaket må kartleggast. Jobben til interimstyret er såleis krevjande og omfattande.

Øygarden nye kommunestyre vil velja medlemmane til styret i Øygarden bustadutvikling KF (7 medlemmer). Målet er det kommunale føretaket skal vera etablert og rusta til å starta arbeidet sitt frå 1. januar 2020.

Kva er viktigast for deg når vi har fått ein ny kommune?

Beate Hetlevik

Førstekonsulent i staben | Øygarden kommune



Det viktigaste for meg når vi vert ein ny kommune, er at vi får effektive, framtidsretta og tilgjengelege tenester for brukarane og ein framtidsretta og effektiv administrasjon.

Nina Glesnes

Leiar Sund KF | Sund kommune



Det er viktig for meg at vi framleis får ei god utvikling i dei ytre delane av den nye kommunen, ikkje berre sentrumsutvikling. Eg ønskjer ei satsing på eldre-bustader ute i grendene, gjerne i samarbeid med private aktørar. Vi må betra bustadpolitikken, slik at vi får fleire rimelege bustader for førstegongs etablerarar.

Ørjan Espevoll

Rådgjevar på bustadkontoret | Fjell kommune



For meg er det viktig at ein held fram med å jobba med ein god kultur for samhandling internt i organisasjonen. Nå vert vi ein storkommune og manglar fleire tilsette. Då er det viktig at intern kommunikasjon fungerer frå første dag. Nye Øygarden kommune har alle moglege føresetnader for å verta ein kjempegod kommune både for tilsette og innbyggjarane. Den moglegheiten må ein ta vare på! Dersom alle er sitt ansvar bevisst, vert dette veldig bra, og vi har mykje gle oss til.

Norunn Rong

Økonomikonsulent | Øygarden kommune



Eg ser fram til spennande arbeidsoppgåver og godt samarbeid med gamle og nye kollegaer. Det er sikkert mange utfordringar i (Nye) Øygarden kommune, men saman greier me å løysa dette. Best mogleg service til innbyggjarane og tilsette i den nye storkommunen er ei viktig oppgåve for meg!

Kathrine Kallestad


Sund Eignedomsutvikling KF | Sund kommune



Det er viktig at ikkje alt blir sentralisert til Straume, Skogskiftet og Rong. Det viktigaste for meg er at bygdene held seg «levande». Då er me avhengige av at blant anna kulturlivet skal gro, og at det vert lagt til rette for spreidd bustadbyggjing, slik at folk skal kunna få busetja seg i bygda si.

Nina Turøy

Barnehagestyrar | Fjell kommune



Eg arbeider som barnehagestyrar og synest det er viktig med ein kommune som følgjer med og vidareutviklar barnehage- og skulesektoren. Eg ønskjer ein kommune som er ein god arbeidsgjevar, ein kommune som tar omsyn til mangfaldet og ein kommune som har eit variert tilbod til både barn, unge, vaksne og eldre. Til sist er det viktig at eigedomsskatt på hus og hytte ikkje blir innført. Å bli eit stort fellesskap har eg tru på.





Kontaktinformasjon

Rune Lid, prosjektrådmann

Tlf.: 55 09 77 29

E-post: rune.lid@nyeoygardenkommune.no

Vigleik Brekke, redaktør

Tlf.: 915 81 107

E-post: vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no



Håkonsund, Sund



Stor folkefest den første veka i januar

Overgangen til Nye Øygarden kommune vert markert med ei rekkje arrangement frå nyttår og fram til og med 5. januar.



Status frå kommunalsjef Line Barmen

Det er framleis mykje god energi og engasjement i arbeidet innan kommunalsjefsområdet Helse og velferd.